

# Færre storfe og fleire kjæledyr skapar ubalanse i veterinærnæringa

2024-03-21

Optional[© Nationen]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke viderefremmes utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.

10 NYHETER

Torsdag 21. mars 2024

NATIONEN



Det blir færre gardar i Noreg. Samtidig er folk meir villige til å bruka pengar på hunden og katten sin. Det kan få følgjer i fjaset når distansen mellom gardane aukar. FOTO: BERIT ROALD/NTB



Forsking viser at typar som desse er ved betre helse og er mindre sjuke enn før. Men det betyr ikkje at det ikkje kan gå gale med dei òg, så dyrlege må vera tilgjengeleg for dei. Over heile landet opplever ein at det blir vanskelegare å skaffa dyrlegar til dei lokale kontora. FOTO: HEIDI MOLSTAD ANDRESEN / NPK

## Færre storfe og fleire kjæledyr skapar ubalanse i veterinærnæringa

Forskar Hilde Lyby Wærp i Agri Analyse seier at enkelte veterinærstudantar gjerne vil jobba med produksjonsdyr. Men utviklinga i dag gjer at å berre jobba med dyr som svin og ku ikkje er mogleg

**Mange utdannar seg til å bli veterinær. Men næringsgrunnlaget deira er i endring ved at det blir færre gardsbruk med dyr og fleire kjæledyr. Det gjer at det ikkje blir nok jobb til alle. Samtidig er det eit kommunalt ansvar å sikra at alle buskapar har tilgang på dyrlege.**

Toralf Larsen Vallestad

### VETERINÆR

- Me ser at lysta til å jobba i produksjonsdyrpraksis er ganske høg blant norske veterinærstudantar. Det er ikkje ei oppfatning at dei vel det bort, seier forskar Hilde Lyby Wærp i Agri Analyse til Nynorsk pressekontor.

Men eit langvarig varsku har ljoma frå Distrikts-Noreg til avisfriesidene i ei årrekke: Ein

manglar dyrlegar. Saman med ein kollega har Wærp sett på veterinærdekninga i landet og skriv eitt rapport som peikar på dei mest presserande utfordringane for dyrlegane.

Det manglar 40-100 veterinærar for å dekkje opp den offentlege veterinærvakta i vakt-distrikta i landet totalt sett. Også Mattilsynet og smådyrklarar opplever at søkarmassen går ned. Veterinærbransjen er privat organisert. Derfor er fordelinga av veterinærar i stor grad påverka av

og betalingsviljen per dyr og per behandling av diagnose er mykje høgare blant folk enn det var for berre nokre år sidan, fortel Wærp.

#### Ny situasjon

Felles for bønder og veterinærar er at dei står overfor ein ny situasjon. Forholdet mellom kor mange kattar og kyr som finst i Noreg har endra seg.

- Tallet på husdyrbesetningar har blitt redusert med 40 prosent dei siste 20 til 25 åra.

Produksjonsdyra er ved betre helse og dyrevelferda har auka. Det betyr at ein treng færre veterinærbesøk per dyr, og det blir dermed lengre køyring mellom buskapane for dei som jobbar som veterinær. Rapporten finn at etterspurnaden etter veterinærtjenester til produksjonsdyr har sokke med meir enn 10 prosent dei siste åra, rekna ut ifrå utgiftene bøndene.

- Samtidig har det blitt fleire smådyr som hund og katt. Ein høgare andel av dei er forsikra,

og betalingsviljen per dyr og per behandling av diagnose er mykje høgare blant folk enn det var for berre nokre år sidan, fortel Wærp.

Det betyr at veterinærane må setta av meir tid til dei småe dyra no enn dei måtte i år 2000 til dømes.

#### Vanskeleg vaktkabal

Situasjonen gjer at fleire område blir næringsvake for veterinærar når ein skal fordela jobbane rettferdig mellom dei som er.

- Det betyr at det å få vaktkabal på produksjonsdyr til å gå opp er krevjande. Veterinærforeningen opererer med ei anbefaling om minst fire dyrlegar på ei vaktliste. Det er mellom anna for at dei skal ha ein ok familie- og arbeidskvardag, seier Wærp.

Dess meir krevjande kan det også bli når ein skal ha dette dekningsbehovet samtidig med

eit næringsgrunnlag. Det må vera eit visst antal buskapar og ei viss mengde dyr slik at alle dei fire dyrlegane på vaktlista får ei god nok løn til å leva av.

- Det er det ikkje i mange område i dag, seier Wærp.

I mange tilfelle blir det til at ein kompenserer med at nokre veterinærar tek på seg meir smådyroppdrag.

- Enkelte veterinærstudantar seier at dei elsker å jobba med produksjonsdyr, men det er smådyra dei tener pengar på. Så på ein måte sponsar smådyrpraksisen produksjonsdyrpraksisen.

- Viss dei som likar best å jobba med produksjonsdyr berre skulle gjort det, hadde dei gått konkurs. Så dyrlegane må dela på dei tapte inntektene det representerer å ha den produksjonsdyrvakta.

#### Krevjande åleine

Nyutdanna veterinærar har



i lengda. I alle fall nokre stader.

FOTO: TORALF LARSEN VALLESTAD/NTB

også mykje som dei må ta stilling til etter at dei er ferdige med studia.

- Det er ganske stor skilnad på å vera nyutdanna på ein smådyrklinnikk der du veit at du har kollegaer, støtteordningar og etablerte prisar. Mens når du jobbar med produksjonsdyr, så køyrer du stort sett frå gard til gard åleine og er såkalla einmannsforetak der du står økonomisk, juridisk og fagleg ansvarleg for alt som blir gjort, seier Wærp.

Ein treng også ein passende bil og ei rekke med obligatoriske kurs.

- Totalt sett har du også kursutgifter på inntil 25.000 kroner som du som heilt nyutdanna må ta. Når du legg alle dei faktorane saman, både mentalt, fagleg og økonomisk, er det nok ein del som har følt at terskelen blir høg, og særleg om du ikkje har god kjennskap

til produksjonsdyrbransjen frå før.

#### Kommunalt ansvar

- Etter kvart som krise på krise har blitt slått opp i media, har ein i større grad lukkast med å få opp auga for kommunen sitt ansvar for veterinærdekning. Det er forskriftsfesta og udiskutabelt. Det ein kan diskutera er kva ein reknar for tilstrekkelege veterinærtenester, men det er kommunen sitt ansvar å sørja for at dei er der.

Og det er fleire tiltak ein kan gjera for å betra situasjonen, ifølgje Wærp. Eit eksempel er koordinering av vakter og samarbeid mellom dyrlege og kommune, eller koma med kommunale tilskot i tillegg til dei tilskota dei har krav på for å sjå til at næringsgrunnlaget er lønsamt nok til å ha eit minimumsnivå.

Rapporten til Agri Analyse viser at det ikkje er nokon særleg

#### FAKTA

##### Veterinærer i Noreg i dag

- Talet på veterinærer har vore aukande sidan Veterinærforeningen blei oppretta i 1888.
- Noreg er eitt av landa i Europa med høgast veterinærdekning med 0,57 veterinærer per 1000 innbyggjarar. I resten av Europa ligg snittet på 0,38 prosent per 1000 innbyggjarar.
- Noko av dei veterinærer i vakt og produksjonsdyrpraksis meiner er mest negativt med jobben er stor variasjon i køyreavstand. Troms og Finnmark har lengst reiseveg i gjennomsnitt. Rogaland har kortast.
- Tre store smådyrklinnikkjeder står for om lag 25 prosent av den totale omsetnaden, og dei sysselset 1450 av dei rundt 4000 personane i norsk veterinærbransje. Det svarar til om lag 36 prosent.
- Insemivering av storfe er den økonomiske berygninga for dyrlegane i distrikta. Ein plass mellom 40 og 60 av besøka som er registrerte i Dyrehelseportalen er reine insemineringsoppdrag.

skilnad i tilgang på veterinærer mellom landsdelane. Og utfordringa er heller ikkje så kontrastfull mellom by og land.

- I starten blei dette omtalt som eit distriktspørsmål når det gjeld produksjonsdyr. Men me ser dei same problema i veldig tettbygde og bynære stork.

- Mitt personlege inntrykk er at det er lite problem i Rogaland og Sørvestlandet. Det er den mest produksjonsdyrtette delen av landet, seier Hilde Lyby Wærp i Agri Analyse.



Trude Flatland og Mikkel Aanderaa fortsetter som henholdsvis leder og nestleder i Telemark Bondelag.

FOTO: TELEMARKE BONDELAGE

## Lederduo fortsetter i Telemark Bondelag

Årsmøtet i Telemark Bondelag ga fornyet tillit til fylkesleder Trude Flatland og nestleder Mikkel Aanderaa.

Fredrik Ranheim Lange  
fredrik.lange@nationen.no

Trude Flatland ble forrige lørdag gjenvalgt som leder i Telemark Bondelag.

Hun får med seg flere fra det gamle styret. I tillegg ble Hans Christian Jørgensen Songedalstveiten (styremedlem) og Anders Stensrød (styremedlem) valgt inn. Som 1. vara ble Anne Birgitte Riis-Johansen valgt.

- Det har vært et innholdsrikt, lærerikt og spennende år. Å få være fylkesleder for denne gjengen, har vært stort for meg, sa Flatland på årsmøtet ifølge en pressemelding.

Hun takket tillitsvalgte i lokallagene for gode innspill gjennom året, spesielt i forbindelse med jordbruksforhandlingene.

- Vi er på oppløpet nå og vi må holde fokus, stå løpet ut og få hele laget med over målstrukturen, sa Flatland foran medlemmene.

Av 19 lokallag var 18 lokallag til stede med sine utsendinger på Bø Hotell i Telemark. Med tillitsvalgte, gjester og ansatte, møtte 57 personer.



Forsamlingen under forrige helgs årsmøte i Telemark Bondelag.

FOTO: TELEMARKE BONDELAGE